




**NOREGS
DOMSTOLAR**



Meddommar og skjønnsmedlem

Jordskifte



Velkommen!

Velkommen med på laget som meddommar eller skjønnsmedlem i jordskifteretten! Dersom du blir oppnemnd som jordskiftemeddommar i lagmannsretten, vil du også finne nyttig informasjon her. Du er valt til dette vervet av kommunestyret eller fylkestinget. Dei meiner du har kunnskap, evner og elles er skikka til å utføre dette vervet. Det er med andre ord ei tillitserklæring.

Som medlem av retten er det di oppgåve å vere med på å avgjere kva slags løysingar som skal veljast for bruk av eigedommar og bruksrettar, og eventuelt avseie dom i tvistar. Nokre gongar kan det medføre å måtte ta vanskelige avgjerder.

Du kan rekne med å bli plukka ut til å gjere teneste frå éin til fire gonger i løpet av perioden på fire år. Arbeidsmengde, tidsbruk og tal på rettsmøte varierer mykje frå sak til sak.

Før rettsmøtet

Innkalling

Du vil bli oppnemnd og innkalla seinast tre veker før første rettsmøte. Du har plikt til å møte. Lovleg fritak og forfall er omtala nedanfor.

Du vil få tilsendt dokumenta i saka før første rettsmøte, anten i lag med innkallinga eller i eiga sending.

Er du oppnemnd som varameddommar eller varaskjønnsmedlem, skal du ikkje møte, men du må halde av dagen i tilfelle ein av dei fast oppnemnde ikkje kan møte. Dersom du skal møte som varameddommar/-medlem, vil du få ny innkalling frå retten og få tilsendt dokumenta i saka.

Habilitet

Så snart du får vite kven som er partar i saka, må du sjekke om du er inhabil. Til dømes kan du vere inhabil om du er i slekt med eller har anna binding til ein part. Reglane om habilitet finn du i domstollova §§ 106–108.

Dersom du er inhabil eller du er usikker på dette, må du straks ta kontakt med retten.

Førebuing til rettsmøte

- Du må gjere deg kjend med saka ut frå dokumenta du har motteke.
- Førebu deg på at det vil bli synfaring i saka. Ta med gode klede og skotøy tilpassa årstida, vêret og terrenget.



Kart er eit viktig hjelpemiddel i jordskifteretten

- Førebu deg på at det kan bli ein lang dag, så vurder å ta med matpakke og termos.

Kontakt med partar, media og andre

- Du bør ikkje uttale deg om saker du skal delta i eller som du har delteke i.
- Om ein part tek kontakt om saka, må du avvise dette og vidarese all slik kontakt til leiaren av retten.
- Du skal ikkje gi deg inn på diskusjon med partar, media eller andre om saka. Dette gjeld også for sosiale media.
- Du skal heller ikkje oppsøke partar eller innhente opplysningar på eiga hand før eller i etter rettsmøte.

I rettsmøtet

Lovnad

Første gong nokon gjer teneste som meddommar, må vedkomande gi slik lovnad:

«Lovar du at du i denne saka og i alle framtidige saker etter jordskiftelova, vil følgja med på og ta omsyn til alt som kjem fram, og utføra pliktene dine samvitsfullt og etter beste overtyding, så sei etter meg: Det lovar eg.»

Også du som gjer teneste som jordskiftemeddommar for lagmannsretten eller som skjønnsmedlem for første gong, må gi tilsvarande lovnad.

Framferd i rettsmøtet

- I rettsmøtet må du følgje med på forhandlingane med sikte på å kunne ta avgjerd i dei spørsmåla som blir behandla.
- Du må ikkje gi uttrykk for kva du meiner om saka eller kva slags haldningar du har til dei spørsmåla saka reiser. Dette gjeld også kroppsspråket ditt.
- Du har rett til å stille spørsmål til partar og vitne for å få klarlagt saka. Du bør avklare med leiaren av retten korleis spørsmål bør stillast.
- I pausane bør du unngå å føre samtalar med nokon av partane. Sjølv om de diskuterer til dømes jakt eller vêret, kan dette oppfattast negativt av den andre parten.

Under synfaring

- Synfaringa er ein del av rettsmøtet.
- Retten sine medlemmer held seg mest mogleg samla.
- Dersom retten sine medlemmer likevel kjem frå kvarandre, må du ikkje føre samtalar om saka med nokon av partane.

Etter rettsmøtet

Du skal ikkje samtale om saka med partane.

Du skal heller ikkje innhente opplysningar i saka på eiga hand.

Når avgjerda skal takast

Når det skal takast avgjerd i saka, skal du gjere deg opp ei sjølvstendig meining basert på det som blei framført under forhandlingane i rettsmøtet.

Kjem du til ein annan konklusjon enn fagdommaren, skal dommaren også skrive ditt syn inn i avgjerda, sjølv om du er i mindretal.

Økonomisk godtgjersle

Du får betaling per møtedag, eventuelt dekning for dokumentert tap av arbeidsforteneste. I tillegg kjem dekning av utgifter til mat og reiser etter regulativet i staten.

Fritak/forfall

Forfall i ei einskild sak

Er du kalla inn til rettsmøte som jordskiftemeddommar eller skjønnsmedlem, har du plikt til å møte. Gyldig forfall er ifølgje domstollova § 90 «sykdom eller andre hindringer som gjør det umulig eller uforholdsmessig byrdefullt å møte».

Melding om forfall og forfallsgrunn i den einskilde saka må sendast til retten så snart som mogleg.

Døme på «andre hindringer» som kan gi lovleg forfall, er utanlandsreise som alt er bestilt og betalt, og gravferd i nær familie.

Permanent fritak

Krev du permanent fritak frå å vere jordskiftemeddommar, må du ta dette opp med kommunen.

Skjønnsmedlemmer må tilsvarande ta kontakt med fylket.



Som meddommar må du førebu deg på å reise på synfaring. Tilpass klede og skotøy etter årstid, vær og terreng.



Domstoladministrasjonen

Dronningens gate 2, 7011 Trondheim

Tlf. 73 56 70 00

postmottak@domstoladministrasjonen.no

www.jordskifte.no

facebook.com/lekdommer
